

## Merknadsvurdering 1. og 2. gongs offentleg ettersyn – detaljregulering for Brekkane

### 1. gongs offentleg ettersyn:

Innspel frå:	Kort oppsummering av innhald i innspel:	Administrativ vurdering:	Endringar:
Mattilsynet	Kom med tre innspel til vidare planarbeid. 1. Kartlegge moglegheita for tilkopling til eksisterande vassforsyning framfor å etablere ny drikkevassforsyning. 2. VA-løysingar skal vere utarbeid på eit fagleg grunnlag. VA-planen må vere detaljert og bindande for utbygginga innanfor planområdet. 3. Mattilsynet forventar at det blir gjort faglege vurderingar for å finne den optimale løysinga for vassforsyninga for å sikre god kapasitet og trygt drikkevatt.	Administrasjonen ser på det Mattilsynet spelar inn som teke i vare. Det er planlagt tilkopling til offentleg nett, samt overtaking av det kommunalteknisk anlegget i tråd med utbyggingsavtale som også er under arbeid. Det fyl med ein eigen VAO-rammeplan til reguleringsplanen. Denne sikrar faglege vurderingar knytt til vassforsyning. VAO-planen er detaljert, men med rom for endring når ein kjem til prosjektering.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Mørenett	Opplyser om at det ved utbygging av dei planlagde bueiningane så vil det ikkje vere nok kapasitet i nettstasjon 4150 Brekke til å straumforsyne heile området, avstandane vil også vere for stor til å kunne levere høg nok spenning. Det må difor settast av plass i reguleringsplanen for plassering av ny nettstasjon for straumforsyning, nettstasjonen må plasserast sentralt i reguleringsområdet. Dei foreslår også i kart kvar denne kan plasserast.	Plankonsulent har vore i dialog med Mørenett og fått avklara at dei ynskjer å sette inn ein større trafo der dagens trafo står i dag. Dette vil vere nok forsyning til byggetrinn 1 i reguleringsplanen. Ut over dette vil § 4.1.1 bokstav c i føresegnene opne for plassering av nettstasjon via byggesak. Då vil ein få ei plassering som er føremålstenleg for byggetrinn 2 når den tid kjem, i samråd med Mørenett.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Direktoratet for mineralforvaltning	Påpeikar at planområdet rører ved sand- og grusforekomsten Hareid. Førekosten er allereie sterkt nedbygd, så dei vurderer det som svært lite sannsynleg at førekosten skal takast ut i overskodelig framtid. Elles ingen merknadar.	Innspelet vert teke til orientering.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Eva Britt Grimstad Jøranli	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ber om at leidningane til huset hennar vert teke omsyn til utan kostnad</li> <li>- Legg inn protest mot gjennomkjøringsveg frå Drammensvegen, meiner planen er svulstig og overdimensjonert.</li> <li>- Meiner planen ikkje tek godt nok omsyn til dagens bruk av akebakken og friområdet.</li> <li>- Meiner at vegen frå Drammensvegen bør gå langs gangvegen der den går i dag sør for energibyget.</li> <li>- Ber om at det vert teke omsyn til støyskjerming mot tomta hennar dersom planen blir som skissert.</li> <li>- Peikar på lysforureining som eit problem, til sjenanse for dei i nabolaget.</li> </ul>	Alle leidningar i grunnen i utbyggingsområdet vil verte tatt omsyn til i forbindelse med byggesakshandsaming. Trafikksikkerheita på gjennomfartsvegen er vurdert til vere viktigare enn akebakken, som ikkje er avsett som akebakke men som friområde. Plasseringa av vegen er gjort med bakgrunn i at det er ønskjeleg å syte for samanhengande areal til skuleføremål sør for vegen. Når det gjeld støy så er dette området rekna som grøn sone, det er ikkje noko som tilsei at det er nødvendig med støyskjerming. Gatelys er heller ikkje rekna som lysforureining, i sentrumsnært område er det ikkje urimeleg å måtte forvente utbygging rundt seg. Noko som igjen vil føre til meir lys.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
NVE	Rår til at det vert sett krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle byggesaker i planområdet, og rår kommunen til å revidere føresegnene med eit slikt krav før handsaming. Rår til at avrenningslinjer vert kartlagt og at eventuelle tiltak vert innarbeidd i plankartet og føresegnene. Framtidige flaumvegar for trygg avleiing av overvatn bør visast i plankartet og sikrast tilstrekkeleg kapasitet i føresegnene.	Administrasjonen er einig i at det burde ligge krav om ansvarsrett for grunnforhold i byggesak. Når det gjeld avrenningslinjer er det einigheit mellom administrasjonen og forslagsstillar om at dette ikkje er ønskjeleg å låse før prosjektering. Men det skal vere klart før byggesak.	Ny føring i § 2.2 i føresegnene om at det er krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle tiltak innanfor sona i figur 6 i rapporten «Kvikkleireutredning 2816 hareid».
Møre og Romsdal Fylkeskommune	Fylkeskommunen kjem med fleire merknadar samt to motsegner. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggetrinn: Har <b>motsegn</b> til planen inntil det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyning ved Holstadkrysset. Det må også sikrast at den auka trafikken mot sentrum ikkje unødig blir leia forbi barneskulen eller forverrar trafikktryggleiken til skulevegen. Det må stillast rekkjefølgjekrav til naudsynte avbøtande tiltak. Peikar også på at dei to byggetrinna er lite omtala i planomtalen.</li> <li>- Byggegrenser: Meiner byggegrense med avstand til veg må talfestast i plankart og omtalast i føresegnene. Meiner også at byggegrense må bli vist for leikeplassar då det kan førast opp byggverk og større innretingar som er omfatta av byggegrense på ein leikeplass.</li> <li>- Passeringslomme: Føreset at vurderingane kring fjerning av passeringslomma ved kryss mellom fv. 61 og Myravegen (KV2120) langs fv. 61 som er vist regulert vekk i planforslaget vert vurdert i det vidare planarbeidet.</li> <li>- Gangsystem: Har <b>motsegn</b> til planen på utforminga av det interne gangnettverket i planen med bakgrunn i trafikktryggleik for mjuke trafikantar. Ønskjer at mjuke trafikantar skal leiast til undergangane.</li> <li>- Avkøyrslar: Ønskjer ikkje at eksisterande avkøyrslar skal gjerast om til gang- og sykkelveg, men må gravast vekk jamfør motsegn ovanfor.</li> </ul>	Innspelet frå Fylkeskommunen var av ein slik art at det blei gjennomført eit møte i etterkant av det offentlege ettersynet for å få meir klarheit i korleis ein skulle tolke alle merknadane. Møtet hadde deltakarar frå kommunen, fylkeskommunen samt forslagsstillar. Administrativ vurdering av innspelet til Møre og Romsdal fylkeskommune tek difor utgangspunkt også i det som vart omtala på det møtet. <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggetrinn: Slik ein oppfatar fylkeskommunen så er motsegna komen hovudsakleg fordi MRFK meiner problemstillinga ikkje er godt nok utgreidd. Dette vil difor verte meir omtala i planomtalen. I tillegg legg ein opp til trafikale endringar (einvegskøyning i Drammensvegen, parkering og stans forbode i krysset ved Drammensvegen og Brekkane samt merking av gangtrase i Drammensvegen). Med desse tiltaka vil ein leie trafikken frå det nye bustadfeltet ned mot sentrum fram til rundkøyninga er på plass.</li> <li>- Byggegrenser: Alle leikeplassar får byggegrense i planframlegget. Når det gjeld byggegrenser med avstand til veg og talfesting av dette i plankart, så er ikkje dette ein praksis kommunen er kjend med, det gir også avvik i SOSI-fil ved kontroll. Det blir difor ikkje gjort endringar her.</li> <li>- Passeringslomme: Dette er ei passeringslomme som ligg akkurat utanfor planområdet. Passeringslomma er ikkje vekk-regulert men, tidlegare regulert gang- og sykkelveg er regulert i tråd eksisterande og faktisk utbygd gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. Det er ikkje til hinder for å</li> </ul>	<p>Nye rekkjefølgjekrav i § 8.4 i føresegnene. Nytt punkt e) i § 4.2.2 i føresegnene.</p> <p>Byggegrenser for alle leikeplassane er merka i plankartet.</p> <p>Intern gangveg vert flytta i plankartet for å kome motsegna i møte.</p> <p>Teiknforklaringa får inn støyskjerm.</p> <p>Lagt inn følgjande presisering i føresegnene § 2.1 c)</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Støy: På generelt grunnlag ønskjer ikkje fylkeskommunen å eige og drifte støyvoll/skjermar når dei ikkje er den utløysande parten. Tiltaket vil også krevje gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Støyskjerm må vere med i teiknforklaringa i plankartet. Føreset at heile støyvullen med støyskjerm (også det som blir regulert i annan plan) får ei heilskapleg utforming mot fv. 61, det bør såleis vere ei føresegn som gir noko fleksibilitet til plassering og utforming. Avstand for støyskjerm til gang- og sykkelveg /senter av fv. 61 må visast i plankart og sikrast med føresegn.</li> <li>- Føresegn: Meiner føresegn 2.1 er mangelfull. Dersom planforslaget tillèt avvik frå grenseverdiane, må det i føresegnene stillast krav om avbøtande tiltak mot støy. Meiner det bør presiserast i føresegn 2.1 c) at minimum 50 % av opphaldsrom inkludert minimum eit soverom skal ha vindusfasade mot stille side. Peikar på at tilvising i føresegnene til vedlegg 4 eller figur 2 i støyrapporten ikkje er tydeleg. Meiner at føresegn 4.1.4 m) må endrast til å gjelde leikeplassane i fleirtal.</li> <li>- Born og unge: Viser til føresegn punkt 8.1 og rår til at det vert endra til at nærleikeplass skal vere opparbeidd før det blir gitt bruksløyve for første bueining.</li> </ul>	<p>seinare etablere passeringslomme, passeringslomma vil berre måtte byggast nærare gang- og sykkelvegen, noko som blir gjort mange andre stadar også.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gangsystem: Det interne gangvegssystemet skal ryddast opp i slik ein kan leie dei mjuke trafikantane til undergangane.</li> <li>- Avkøyrslar: Vert kome i møte.</li> <li>- Støy: Støyskjerming vert lagt inn i teiknforklaringa i plankartet, i tillegg vert føresegnene utforma slik ein kan få ei heilskapleg utforming mot fylkesvegen. Kommunen vil også syte for samsvar med reguleringsplanen for Hareidsmyrane Nord 2.</li> <li>- Føresegn: Når det gjeld føresegn 2.1 ønskjer ein å kome dette i møte, det vert difor gjort endringar i føresegnene. Dette heng også saman med endringar gjort i plankartet for å synleggjere støysonene. Når det gjeld føresegn 4.1.4 m) er også dette noko ein ønskjer å kome i møte. Det vert difor gjort endring i føresegna.</li> <li>- Born og unge: Dette er ein einig i. Det har difor kome inn endring i føresegnene 8.1 b.</li> </ul>	<p>«Alle einingar skal ha tilgang til stille side. Gul støysone er synt i plankartet. Bustadar som vert etablert innanfor omsynssona skal ha tilgang til stille side.»</p> <p>Føresegn 4.1.4 m) får ny ordlyd. Leikeplassen vert endra til leikeplassane.</p>
<p>Even Rise og Tove Elin Gjerde Rise</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Spør om det har vore tenkt på ande moglege løysingar for tilkomst til dette nye feltet og om dette er einaste moglege løysing?</li> <li>- Presiserer at grunn dei må avsjå må kjøpast for marknadspris og at utgifter knytt til oppmåling må dekkast av utbygger.</li> <li>- Ber om at dei delane av tomta deira som blir råka må stillast til på utbygger si rekning.</li> <li>- Peikar på at tilknyttinga deira for vatn og avløp må takast omsyn til.</li> <li>- Peikar på at belysning av vegen ikkje må verte eit problem for husrekka som ligg på oppsida av tenkt veg.</li> <li>- Stiller spørsmål ved om området som i dag er akebakke er stort nok for å hindre at borna renn fram i nye vegen, samt om tilkomst til akebakken er teke omsyn til.</li> <li>- Spør om det er tenkt på støyskjerming for rekka med hus på oppsida av vegen.</li> <li>- Spør om fartsavgrensing på den nye vegen.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Når det gjeld tilkomst til dette nye feltet så må det skje frå kommunal veg, det er ikkje eit alternativ å få til tilkomst frå fylkesvegen. Det er difor einigheit mellom både kommunen, forslagsstillar og fylkeskommunen om at dette er den beste løysinga.</li> <li>- Slik planen ligg no er det ikkje nødvendig å gjere endringar i tomtgrenser. Konsekvensen for tomteeigar her er at eit hjørne av tomta deira blir omregulert frå bustad til annan veggrunn for å sikre friskt. Dersom det er privatrettslege forhold som vert råka så må dette gjerast etter avtale mellom utbygger og tomteeigar.</li> <li>- Elles vert det vist til tidlegare vurdering knytt til innspel frå ein annan nabo til reguleringsplanen som sei følgjande: Alle leidningar i grunnen i utbyggingsområdet vil verte tatt omsyn til i forbindelse med byggesakshandsaming. Trafikksikkerheita på gjennomfartsvegen er vurdert til vere viktigare enn akebakken, som ikkje er avsett som akebakke men som friområde. Plasseringa av vegen er gjort med bakgrunn i at det er ønskjeleg å syte for samanhengande areal til skuleføremål sør for vegen. Når det gjeld støy så er dette området rekna som grøn sone, det er ikkje noko som tilsei at det er nødvendig med støyskjerming. Gatelys er heller ikkje rekna som lysforureining, i sentrumsnært område er det ikkje urimeleg å måtte forvente utbygging rundt seg. Noko som igjen vil føre til meir lys.</li> </ul>	<p>Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.</p>
<p>Statens vegvesen</p>	<p>Uttalar seg som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Har følgjande merknadar til planforslaget:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Generelt: Saknar ei meir overordna analyse og drøfting av forholda rundt Holstadkrysset og korleis kommunen ser føre seg å utvikle området rundt på ein heilskapleg måte. Skriv at sjølv om det blei regulert ei rundkøyring i 2009, må det vere lov å revurdere ei slik løysing ut i frå dagens ønskjer og behov for å sjå om det ev. er andre og billigare løysingar som vil kunne ta i vare forholda til trafikkvikling og trafikksikkerheit på tilfredsstillande måte. Stiller også spørsmålsteikn ved kor realistisk det er at rundkøyringa vert realisert. Har forståing for kommunens ønskjer om bustadutvikling og at kostnadane for utbygging av rundkøyring vil kunne synast urimeleg for utbygger å ta aleine, men peikar likevel på kommunen sitt ansvar som samfunnsutviklar for å sikre heilskapleg og god standard. Rår kommunen til å opprette eit infrastrukturfond.</li> <li>- Trafikksikkerheit og rekkefølgjekrav: Saknar grundigare utgreiingar av forholda til trafikksikkerheit og trafikkvikling. Meiner det er uakseptabelt å gjere eksisterande avkøyrslar frå fv. 61 sør i planområdet om til gangveg. Mjuge trafikantar må leiast til trygge kryssingspunkt. Viser elles til Møre og Romsdal fylkeskommune sin uttale angående samferdsel og støttar deira motsegner.</li> <li>- Støy: Kan ikkje sjå at føresegnene stemmer over eins med plankartet når det gjeld støy. Elles ingen merknadar.</li> <li>- Sykkelparkering: Meiner det bør gjerast ei vurdering av korleis ein på best mogleg måte legg til rette for at det gjerast attraktivt for bebuarane å velje sykkel som</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Generelt: Når det gjeld utvikling av området i si heilheit så kjenner ikkje kommunen på særleg stort handlingsrom på grunn av krav om rundkøyring. Ein har dei siste tre åra forsøkt iherdig å finne løysingar i lag med Statens vegvesen og Fylkeskommunen for korleis ein skal kunne løyse trafikksituasjonen på ein rimelegare måte, men det er veldig tydeleg frå (no) fylkeskommunen si side at rundkøyring er einaste alternativet. Ein vil difor ikkje vurdere dette nærare no i dette planarbeidet, då siktemålet med dette planarbeidet er å legge til rette for meir bustadutvikling i sentrumsnært område.</li> <li>- Trafikksikkerheit og rekkefølgjekrav: innspela frå Statens vegvesen er like med fylkeskommunen når det gjeld dette temaet. Ein viser difor til vurderingane knytt til den merknaden.</li> <li>- Støy: Plankartet og føresegnene får samsvar i tråd med det Statens vegvesen peikar på.</li> <li>- Sykkelparkering: Det vil vere gode moglegheiter for oppbevaring av sykklar på eigen eigedom. Og for å vere sikker på at dette vert teken i vare blir det lagt inn i føresegna krav om sykkelparkering til alle bueiningane.</li> </ul>	<p>Planomtalen får meir vurderingar knytt til trafikksikkerheit og rekkefølgjekrav.</p> <p>Plankartet og føresegnene får samsvar knytt til støysoner.</p> <p>Intern gangveg vert flytta i plankartet.</p> <p>Føresegnene § 4.1.2 e) og 4.1.3 e) stiller krav om sykkelparkering.</p>

	dagleg transport-form. Oppfordrar kommunen til å stille krav om sykkelparkering i planen, både når det gjeld antal og kvalitetar.		
Statsforvaltaren	<p>Har <b>motsegn</b> til planen med bakgrunn i forhold knytt til støy. Plankart og føresegner må endrast slik dei viser konkret korleis ein skal sikre støytilhøva innanfor planområdet, og innanfor heile planområdet.</p> <p>Har <b>motsegn</b> til planforslaget fram til det er sikra gjennom rekkefølgjekrav at nærleikeplassane er opparbeida og utstyrt før det blir gjeve bruksløyve til første bueining i det området som soknar til kvar enkelt nærleikeplass.</p>	Motsegnene er knytt opp mot forhold ein meiner må rettast opp i. Det vert difor lagt opp til endringar i planen for å kome Statsforvaltaren i møte slik dei kan trekke motsegnene.	<p>Lagt inn følgjande presisering i føresegnene § 2.1 c) «Alle einingar skal ha tilgang til stille side. Gul støysone er synt i plankartet. Bustadar som vert etablert innanfor omsynssona skal ha tilgang til stille side.»</p> <p>Føresegnene 8.1 b) vert endra i tråd med innspel frå Statsforvaltaren.</p>
Floria Aclan Løvfall	Har ingen kommentar til planforslaget.	Teke til vitande.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.

## 2. gongs offentlig ettersyn:

Innspel frå:	Kort oppsummering av innhald i innspel:	Administrativ vurdering:	Endringar:
Mattilsynet	Skriv at løysing for drikkevassforsyning synast å vere tilfredsstillande ut i frå mottatt planforslag.	Teke til vitande.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Statsforvaltaren	<p>Hadde 2 motsegner til planen etter 1. gongs offentlig ettersyn.</p> <p>Støy: Ser at støyskjerming for vestleg del av planområdet skal sikrast gjennom krav til støyskjerm i tilgrensande reguleringsplan. For at dei bueiningane som er avhengig av dette får nødvendig skjerming før innflytting, må dette sikrast gjennom rekkefølgjekrav i føresegnene, kan ikkje trekke <b>motsegna</b> før dette er endra. Meiner også at krav til høgde på støyskjerm også bør kome fram i føresegnene. Saknar at føresegna stiller meir utfyllande krav til bustadar innanfor gul støysone. Saknar også at planen sikrar støyskjerma, privat uteoppfallsareal for alle bueiningane.</p> <p>Born og unge: Trekker motsegna si då planframlegget for 2. gongs offentlig ettersyn har kome i møte motsegna.</p>	<p>Støy var ikkje godt nok teke i vare i førre planframlegg som vart sendt på høyring, ein er difor innstilt på å gjere nødvendige endringar i planframlegget for å kome i møte Statsforvaltaren, slik motsegna kan trekkast. Ein har difor gjort endringar i plankart og føresegner for å oppnå dette. Byggetrinn 1 har blitt utvida (vist i eige vedlegg til planframlegget) til å omfatte heile arealet langs fylkesveg som regulerer støyskjerming, slik ein kan bygge denne og få god støyskjerming i tråd med støyrapporten som er utarbeida.</p> <p>Det vert også gjort endringar i føresegnene for å sikre støyskjerming for heile reguleringsplanen der støyskjerm skal byggast gjennom tilgrensande reguleringsplan, krav til høgde på støyskjerm har kome med og det har elles blitt meir tydeleg korleis ein skal sikre gode støytilhøve. Med desse endringane meiner ein at støy er teke i vare på ein slik måte at Statsforvaltaren kan trekke motsegna si.</p>	<p>Føresegn 2.1 a) har fått presisert kva løysing i støyrapporten som skal leggst til grunn samt kva høgde støyskjerming skal ha.</p> <p>Føresegn 2.1 b) sikrar utfyllande krav knytt til støy for alle bustadar.</p> <p>Føresegn 4.1.2 g) og 4.1.3 h) sikrar støyskjerma, privat uteoppfallsareal for alle bueiningane.</p> <p>Føresegn 4.1.4 k) sikrar akseptabelt støynivå for leikeplassane.</p> <p>Føresegn 8.2 a) stiller rekkefølgjekrav til støyskjerming for dei bueiningane som er avhengig av støyskjerm gjennom tilgrensande reguleringsplan.</p>

Hareid Parkeringselskap AS	<p>Stiller spørsmål ved føresegnene punkt 8.4 b). som handlar om parkering og stans forbode i krysset ved «Brekkanen» og «Drammensvegen». Peikar på at det her allereie er forbode mot parkering. Og dersom kommunen ønskjer at det skal vere eit forbod mot all stans så kan dette løysast ved behov, men meiner dette ikkje er nødvendig.</p> <p>Peikar på moglege konsekvensar ved å gjere Drammensvegen einvegskøyrte frå Brekkane nedover til krysset ved Nobba, der vegen går over til å vere tovegskøyrte. Meiner dette kan føre til at ein vil risikere kaos og trafikkfarlege situasjonar når mange skal stanse for å sette av eller hente borna.</p>	Med bakgrunn i trafikkanalysen som har blitt utarbeida for planområdet ser ein det ikkje lenger som nødvendig med punkt 8.4 i føresegnene. Tidlegare avbøtande tiltak (einvegskøyring i Drammensvegen, parkering og stans forbode i Brekkane) er no teke ut av planforslaget. Dette vert drøfta meir inngående i planomtalen samt i merknaden under til Fylkeskommunen.	8.4 vert fjerna frå føresegnene og planomtalen.
Direktoratet for mineralforvaltning	Har ingen merknadar til 2. gongs offentleg ettersyn.	Teke til vitande.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Landbrukskontoret	Minner om massehandteringsplanen som er omtalt i reguleringsføresegnene 8.2. Det er viktig at landbrukskontoret vert kopla på med faguttale til denne planen.	Teke til vitande.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Møre og Romsdal Fylkeskommune	<p>Hadde 2 motsegner til planen etter 1. gongs offentleg ettersyn. Peikar på at dei kan ikkje sjå at det er gjort store endringane i framlegg til planen, og viser difor til merknadane sine ved 1. gongs offentleg ettersyn, presiserer at desse framleis står ved lag der planframlegget ikkje er endra/omtala i tråd med innspela som vart fremma ved første gongs ettersyn.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggetrinn: Fremma motsegn til planen korleis det er greidd ut korleis ein skal sikre at trafikken går via sentrum før det er etablert rundkøyring ved Holstadkrysset. Vil ikkje tillate meir trafikk i krysset ved Reiten enn det som er i dag. Kan ikkje trekke <b>motsegna</b> då dei meiner at skissert tiltak berre vil hindre køyrande i byggetrinn 1 å køyre over Brekkane i retning Ulstein, men vil ikkje hindre køyring over krysset ved Reiten når ein kjem frå retning Ulstein og skal til feltet. Skriv vidare at for at dei skal akseptere utvikling av området før ny rundkøyring er etablert, må det sikrast at det ikkje vil bli meir trafikk i Holstadkrysset enn det som er i dag. Dersom kommunen ikkje kan sikre dette må risikoreduserande tiltak vurderast i tillegg til retningsregulering av Drammensvegen.</li> <li>- Føresegna: Peikar på at føresegn § 4.1.1 d) må vere tydelege og sikre at det blir to byggetrinn. Kan ikkje trekke <b>motsegna</b> før dette er i orden.</li> <li>- Gangsystem: Meiner endringa i nytt planforslag ikkje er tilstrekkeleg for å ta i vare trafikktryggleiken til mjuke trafikantar. Kan ikkje trekke <b>motsegna</b> før det interne gangsystemet leier mjuke trafikantar til eit trygt kryssingspunkt, som undergangen i aust.</li> <li>- Byggegrenser: det er framleis ikkje opplyst om avstand til fylkesveg i føresegna, og ein kan ikkje sjå at dette er gitt i plankart. Byggegrensa med avstand til veg må talfestast i plankart og fastsettast i føresegnene for å hindre misforståingar seinare.</li> <li>- Støy: Ber om at føresegna som omhandlar støy er oppdatert i tråd med tidlegare merknadar.</li> </ul>	<p>Det som gjeld innspel frå 1. gongs offentleg ettersyn og som ikkje er omtala frå fylkeskommunen i innspelet til 2. gongs offentleg ettersyn, men framleis står ved lag, meiner kommunen no skal vere teke i vare på ein god måte.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggetrinn: Med bakgrunn i innspelet frå fylkeskommunen har kommunen fått utarbeida ei trafikkvurdering frå fagkyndige. Trafikkvurderinga sei at det er ikkje noko som tilsei at det er eit trafikktryggingssproblem i kryssa ut i frå ulykkestal. Det som der i mot kjem fram i vurderinga er at vegvisinga i dei to T-kryssa er særst dårleg og mangelfull, og bør ordnast. Dette er vegmynde (fylkeskommunen/SVV) sitt ansvar, og kommunen oppmodar difor om å rydde opp i dette. Elles sei trafikkvurderinga også at med planlagt utbygging på Brekkane så er trafikkendringa av ein slik art at det vil få liten innverknad på avviklinga i krysset der rundkøyringa er tenkt, og bustadfeltet ser ikkje ut til å medføre ein trafikkauke som er kritisk for dei to kryssa på fv. 61. Med envegsregulering av Drammensvegen vil ikkje ein få meir trafikk på kv. Reiten i kryss med fv. 61, men ein vel likevel ikkje å ha med dette som eit avbøtande tiltak i denne omgang, då einvegsregulering av Drammensvegen vil kunne skape andre utfordringar i det kommunale vegnettet som ikkje vil kunne løysast på ein god måte isolert sett, i tillegg vil ikkje dette tiltaket hindre bilar å svinge av frå fylkesvegen og inn på kv. Reiten for å kome seg til ytre Hareid. Kommunen held også på med ein samla skiltplan for Hareid sentrum, der ein vil sjå på køyremønster og skilting samla, det er naturleg å vurdere envegskøyring av Drammensvegen på nytt i dette arbeidet, og ein vil då kunne syte for ei meir heilskapleg løysing når ein ser heile sentrum i samanheng. Ein vel difor å halde på det trafikkmonsteret som er etablert i dag, og lene seg på den faglege vurderinga som sei at bustadfeltet ikkje vil medføre ei auke som er kritisk. Når det gjeld forventninga frå fylkeskommunen om at ein ikkje kan akseptere meir trafikk i Holstadkrysset så reknar kommunen med at ein går tilbake på dette no, då trafikkvurderinga av fagkyndig synleggjer at det ikkje er trafikktryggingssproblem som ligg i vegen. Ein ser difor ikkje at fylkeskommunen har belegg for å oppretthalde motsegna som er begrunna i at krysset er høgt belasta. Det er vel ikkje noko i vegen for at eit kryss er høgt belasta så lenge trafikkikkerheita er teken godt i vare, å det har vegeigar/vegmynde god anledning til å syte for sjølv ved til dømes betre skilting slik det blir peika på i trafikkvurderinga.</li> <li>- Føresegna: Dette er no kome i møte. Punktet det er referert til i føresegna er i nytt planframlegg § 4.1.1 f). Det blir stilt krav om at feltet skal delast i to byggjesteg.</li> <li>- Gangsystem: Kommunen og forslagsstillar ynskjer å kome i møte denne motsegna frå Fylkeskommunen. Ein har difor gjort endringar knytt til det interne gangvegssystemet. GS-vegen har blitt trekt austover til plangrensa</li> </ul>	<p>Føresegna § 4.1.1 f) sikrar at det blir to byggetrinn.</p> <p>Det har blitt lagt inn ny intern GS-veg for å leie mjuke trafikantar mot eksisterande GS-nett og trygt kryssingspunkt. Planomtalen og føresegner har blitt endra i tråd med dette.</p> <p>Plankartet har fått talfesta byggegrense med avstand til veg.</p>

		<p>mot skuleområdet, der den munnar rett ned på eksisterande GS-nett like ved undergangen. Dette vurderer vi som den tryggaste traseen, og er også tenleg for skuleborna som snarveg. Dette gjer også at ein får heildekkande støyskjerming mot fylkesvegen, og ein får sanert tilkomsten frå feltet og ned til eksisterande gang- og sykkelveg langs fylkesvegen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Byggegrenser: Byggegrense med avstand til senter av fv. 61 er no lagt inn i plankartet, med talfesting i plankartet. Dette til tross for at det ikkje er ein praksis kommunen er kjent med, og at det også gir avvik i SOSI-fila for plankartet. Ein har nytta seg av senterlinje for bygd veg, då det er avvik mellom regulert veg og bygd veg. Plankartet er juridisk bindande på same måte som føresegnene, ein ser difor ikkje behov for å fastsette byggegrensene i føresegnene også då dei allereie er fastsett i plankartet. Det er heller ikkje heil forståeleg korleis dei faktisk skal fastsettast i føresegnene.</li> <li>- Støy: Viser til vurderinga som er skrive lenger oppe til motsegna frå Statsforvaltaren. Dette skal vere teke i vare i revidert planframlegg.</li> </ul>	
Mørenett	Peikar på at dei ikkje kan sjå at areal til nettstasjon er tatt med i plankartet, men merkar seg at det ligg omtala i føresegnene 4.1.1 c). Skriv at utbyggar må ta kontakt med Mørenett i god tid før byggestart slik at ein får planlagt straumforsyninga til området.	Etter dialog med Mørenett har det no blitt sett av areal til nettstasjon (BE2) i plankartet. Dette skal vere tilstrekkeleg storleik og plassering for å sikre straumforsyning til heile utbyggingsområdet i reguleringsplanen.	Ny nettstasjon BE2 har kome inn i plankartet, føresegnene 4.1.5 er også oppdatert i tråd med dette.
NVE	<p>Skriv at figur 6 i ERA geo AS sin rapport viser mogleg avgrensing av området med kvikkleire jf. Tekst til figuren. Slik NVE les rapporten kan det også vere utfordringar med lokal stabilitet i planområdet utover dette arealet. Stiller spørsmål ved om avgrensing av krav til ansvarsrett er fullt ut i samsvar med råda i rapporten. Gjenteke difor rådet om at det vert sett krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) for alle byggesaker i planområdet, og ber kommunen om å endre føresegnene før slutthandsaming av planen.</p> <p>NVE kom tidlegare i planprosessen med råd om kartlegging av dreneringslinjer og fastsetjing av areal til framtidige flaumvegar i plankart og føresegner. Oppmodar kommunen å vurdere å ta omsyn til dette i planframlegget likevel og ikkje utsetje dette til prosjektering/byggesak.</p>	<p>Kommunen vel å ta rådet frå NVE til vitande, og føresegnene vert difor endra til at krav om ansvarsrett for grunnforhold (RIG) gjeld alle byggesaker i planområdet.</p> <p>Når det gjeld kartlegging av dreneringslinjer med meir så viser ein til vurderinga knytt til merknaden frå NVE etter første gongs offentleg ettersyn.</p>	Føresegnene 2.2 b) er endra i tråd med rådet frå NVE.
Anonym	Ueinig i einvegskøyering av Drammensvegen ned mot Nobba, grunna utfordringar med heis under bil.	Merknaden vert kome i møte då føresegnene § 8.4 er teke vekk og det ikkje lenger er lagt opp til einvegskøyering i Drammensvegen.	8.4 vert fjerna frå føresegnene og planomtalen.
Floria Aclan Løvfall	Ingen merknad til planframlegget.	Teke til vitande.	Det vert ikkje gjort endringar i planforslaget med bakgrunn i innspelet.
Nansy Pilskog Haddal	<p>Ønskjer ei justering av planavgrensinga då dei meiner denne kjem for tett på hus og opparbeida hage.</p> <p>Skriv at det vil vere viktig for dei å ha tilgang til dei delane av 41/4 som eventuelt ikkje blir solgt, men delt opp av den nye samlevegen som skal kome.</p>	Då underteikna av innspelet er grunneigar av store delar av arealet som vert regulert ser ikkje ein noko føremål med å ikkje kome innspelet i møte. Ein har difor gjort endringar i planframlegget for å gjere tomte til tunet meir romsleg. Innspelet er såleis teke i vare.	BFS1 har fått anna utforming i plankartet, og BFS1 og BFS2 har blitt slått saman. F_BLK1 har blitt trekt lenger ned.
Statens Vegvesen	<p>Peikar på at dei ikkje kan sjå at merknadane deira ved første gongs offentleg ettersyn er vurdert/kommentert eller innarbeida i planen. Om ikkje merknadane vert kome i møte må kommunens vurdering for kvifor synleggjerast før planen kan vedtakast. Skriv at merknadane deira står ved lag og at ein forlangar at desse blir drøfta og kommentert i plandokumenta for planforslaget leggest fram for godkjenning.</p> <p>Minner om at Statens vegvesen er skiltmynde for vikeplikt- og forkjørsskilt for alle vegar. Og sidan planen føreset endra køyremønster med skilting av vikeplikt blant anna kan ikkje planen vedtakast før det ligg føre godkjent skiltplan.</p>	Det stemmer at merknadane etter første gongs offentleg ettersyn ikkje er vurdert/kommentert, dette har skjedd ved ein glipp, og ein prøver no å reparere dette. Merknadane frå første gongs offentleg ettersyn er kommentert lenger oppe i merknadsvurderinga. Mykje av det Statens Vegvesen peikar på vert no teke i vare, særleg forholda knytt til støy, rekkjefølgjekrav og sykkelparkering.	Viser til endringar som er svart ut tidlegare, samt endringar som er svart ut via Statsforvaltaren og fylkeskommunen sine innspel.